# Aktivitetsplan 2011 og 2012

| Dato | Namn | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 21. okt | Heim i haust | Styret |
| 29. okt. | NV meisterskap | Erling, Asbjørn, Tor Åge, Siv, Laila M, Ingun, Eli, Anne Mari, Terje, Lisbeth, Reidunn. |
| 10. des. | Julespeling i gata | Styret |
| 18. des. | Julekonsert | Styret |
| 28. des. | Juletrefest | Asbjørn, Anne Mari, John, Arne, Sondre, Petter, Siv, Mette, John Inge |
| 7. jan. | Nyttårskonsert-årsfest | Ola, Terje, Tove, Tor Åge, Ingunn, Asbjørn |
| 10. feb | Frelsesarmeen | Styret |
| 26. mars | Årsmøte | Styret |
| 20.-22. apr | Kyrkjekonsert- øving | John Inge, kornettgruppa. |
| 17. mai | Nasjonaldag | Styret |
| 25. mai | Måløyspeling | |
| 31.- aug – 2.sep. | Tur- / inspirasjonshelg | Alice, Flygelhorngruppa og horngruppa . |
| 2. – 4. nov. | Øvingshelg | Styret, musikkutvalet |
| 4. november | Basar | Eli, Barytongruppa og trombonegruppa |
| Desember | Julespeling i Måløy | Styret |
| 16 desember | Julekonsert | Styret |
| 28. desember | Juletrefest | Tor Åge, Euphoniumgruppa og Tubagruppa. |
| Laurdag 5. januar 2013 | Nyttårskonsert og årsfest | Ola, musikkutvalet, styret. |
| 7. – 9. juni | Stormfestival | Erling, Tove, Asbjørn, Lisbeth, Johan. |

*Det store KORPSlaget* skjer i Samfunnshallen søndag 23. oktober klokka 17.00 med Holvik skulekorps, Skåvøypoll skulemusikkorps og Skram skoles musikkorps.

BÅTBYGG AS Canon Kvalheim Nordea

**Sudoku**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | | | | | |
| | 2 | 6 | | | |
| | 1 | | | 2 | 4 |
| | | | | 1 | |
| | | 4 | | | 6 |
| | | | 3 | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | 2 | 3 |
| | 5 | | | | |
| 5 | 6 | 3 | | | 1 |
| | 1 | | | | |
| 1 | | | | | |
| | | | 6 | | |



Vredens Gnag

TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 9 18. årgang Laussal: Gratis Oktober 2011

# Det blir stor korpshelg



**11 korps er påmeldt Nordvestmeisterskapen 2011som Torskangerpoll Musikklag arrangerer i Samfunnshallen laurdag 29. oktober.**

Det er Norges Musikkorps Forbund Nordvest som er arragør, og vi er teknisk arrangør. Korpsa som er påmelde er: brass: Torskangerpoll Musikklag, Jølster Musikklag, Molde Brassband, Fræna Musikkorps, Kjølsdalen Musikklag og Florø Hornmusikk. Janitsjar: Stordal og Vatne Hornmusikklag, Musikklaget Brage Valldal Hornmusikklag og Førde Ungdomskorps. Vurderingsklasse: Ytre Nordfjord Brass.

Laurdag klokka 10.30 startar konkurransen som er open for publikum. Då er det berre å møte opp og høyre mykje flott korpsmusikk utover laurdagen. Torskangerpoll Musikklag skal også delta på konkurransen, og fordi vi er teknisk arrangør skal vi spele først.

**www.torskangerpoll.no**

# Ein svært velukka basar

Det blei ein kjempevellykka basar med kaker, kaffe, skjeve, åresalg, lykkehjul, over/under 7 søndag 2. oktober. I tillegg var det konsert med både Holvik Skulekorps og Torskangerpoll Musikklag i Våge Oppedal Grendahus.
Nytt av året er at vi har hatt loddsalg på Måløy Brygge og på Måløy Storsenter i forkant av basaren.
Vi vil takke til dei som gav oss gevinstar og alle som møtte opp og støtta oss på basaren. Desse vart trekkt på ett eksklusivt lotteri på basaren, som innbrakte masse penger og mange glade vinnere, seier lotteriansvarleg, Eli Refvik.
torskangerpoll Musikklag takkar alle som støtta oss, og spesiell takk til Måløy Brygge og måløy Storsenter.

**Vinnarane på bøkene:**

| | |
|---|---|
| Hardangerduk | Eldfrid Torskangerpoll |
| Kaffimaskin | Turid Breidalen |
| 6 krus m/fat | Ingunn Solvik |
| Legobil | Henrik og Oddlaug Svarstad |
| Dukke m/kle | Hilde Barmen |
| Teflonduk | Tor Åge Gravdal |
| Tur Oslo | Luis Santiago Ruiz |
| Tur Bergen | Marte Lade |

**Vinnarane på aftentrekning**

| | |
|---|---|
| Høstfat | Solveig Drabløs |
| Korg/handkle | Reidunn Øksdal |
| Isbytte | Olga Sandvik |
| Handklesett | Oddny Nerland |
| Fleecepledd | Elsa Bøe |
| Fleecepledd | Borgny Oppedal |
| Kransekaketine | Sigrid Torskangerpoll |
| Hekla Duk | Lisbeth Våge |
| 2 putetrekk | Johanne Velle |
| Racerbåt | Lisbeth Våge |
| 1 kasse kaffe | Verena Våge |
| 1 kasse kaffe | Sigrid Torskangerpoll |
| Termokanne | Inger Færestrand |
| Dreia trefat | Kåre Våge |
| 2 par selbuvotter | Johanne Dassen |















# Tilbakeblikk 30 år (året 1981):



*Asbjørn Færestrand på dugnad i 1981*

Styret var Per Hamnaberg, Magnus Våge, Terje Våge, Sigrid Torskangerpoll og Rune Færestrand.
3. jan var det årsfest på Hagens hotell med blomkålsuppe, svinekam og dessert. Det var for lite svinekam til 10 av gjestane. Desse fekk gratis middag på hotellet seinare på vinteren. Arne T. fekk Vågsøy kommune sin kulturpris. Klubben fekk ei kasse reker i gave.
17. mai var det morgenprosesjon frå Oppedal til Vågsvåg med frukost hos Karen og Johan Våge. Folketog frå Gravdal til Bjørsneset og tilbake til Vågsvåg. Langbord på skuleplassen og alt føregjekk ute. Wåges spelte til dans i Gravdal frå kl 22.00 og utover.
6.-7. juni var det musikkstevne i Stryn. Buss frå Oppedal laurdag kl 11.30. Surt ver heile helga. Innkvartering på Fjordkroa. Oppmarsj kl 15.30. Grendakonsert på Fjordkroa etterpå. Festmiddag i samfunnshuset der ”aldri har så mange ventet så lenge på kald høne i Stryn”. Søndag kyrkjekonsert i Nedstryn der TPM spelte ”Navnet over alle navn…” og ”Hellig, helleig, hellig”, begge arrangert av Arne T. Oppmarsj 15.30, og på ettermiddagskonserten spelte TPM ”Kalinka” og ”En sommerkveld på Videsæter”. Kjell Torskangerpoll og Turid Torskangerpoll debuterte.
4.-5. juli fekk TPM besøk av Breim hornmusikk. Fisketur med Hendavik og småbåter laurdag ettermiddag, og fest på skulen om kvelden. Breimangerpoll musikklag spelte med sjølvaste Ivar som dirigent. Det blei mykje moro. Wåges spelte til dans. Breimingane budde i gamlehuset til Hans og Berny. Om natta åt dei fisk. Søndag var det oppmarsj frå Vågsberget og konsert på skulen med begge musikklaga. Mykje bygdefolk var oppmøtte.
21.-22. nov var det basar i Gravdal med godt frammøte begge kvelder.
13. des. var det julekonsert i Vågsvåg. Vågsvåg sang og musikklag, Halsør blandakor og TPM deltok. Johan Solvik holdt tale. Fint veir og godt frammøte.
1. juledag var organisten sjuk og TPM pelte til alle salmane og liturgien i sør Vågsøy kyrkje.
29. des var det juletrefest i Våge-Oppedal skule. Komite Magnus Våge, Rune Færestrand og Arne Øvrelid. Gangen rundt juletreet gjekk med liv og lyst. Johan Solvik talte.